



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/74166-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
25.04.2019


Uttale – Dispensasjon – Fritidsbustad – Fv. 394 – gnr. 10 bnr. 25 – Rødland – Lindås kommune

Statens vegvesen viser til brev mottatt 05.04.2019.

Kva saka gjeld:

Lindås kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon for riving og oppføring av ny fritidsbustad på Rødland, gnr. 10 bnr. 25. Eigedomen er regulert til LNF – spreidd busetnad jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås.

Kommunen ber særleg om uttale i høve til moglegheit for å etablere avkøyrsløp og dispensasjon frå byggjegrænse langs veg.



Utdrag av arealdelen av kommuneplan for Lindås t.v og vegbiletet frå 2017 med eksisterande fritidsbustad t.h.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Saksopplysning:

Eigedomen har i dag påståande eldre fritidsbustad. Den nye fritidsbustaden vert vesentleg større og er trekt nærare fylkesvegen enn den eksisterande. Det er opplyst i søknaden at eigedomen har godkjent avkøyrsløyve frå fylkesveg 394, men det er ikkje lagt ved slik dokumentasjon. Vi kan heller ikkje finne slik dokumentasjon i vårt arkiv, som går tilbake til 2003.

Fylkesveg 394 har fartsgrense på 50 km/t på denne strekninga. ÅDT (årsdøgertrafikk) er 150. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. Rammeplan (2017 – 2020).

Vurdering:

For å kunne gjere ei god vurdering av saka ønskjer vi primært å synfare staden. Vi har i dette tilfellet ikkje vore på staden, men har vald å handsame saka ved bruk av kart og vegbilde. Vi legg til grunn at kommunen og/eller tiltakshavar gir oss utfyllande opplysningar som vi eventuelt har oversett.

Avkøyrsløve:

Basert på tolking av flyfoto og vegbilde kan vi ikkje sjå at det er opparbeidd ein avkøyrsløve slik søkjar hevder. Det er i så fall ein fordel om det kan leggjast fram eit offentleg løyve. Dersom slikt løyve ikkje kan leggjast fram må det søkjast om. Vi gjer og merksam på at endring av ei avkøyrsløve ut over vanleg vedlikehald vil vere søknadspliktig.

Ved søknad om avkøyrsløve frå offentleg veg er det eit vilkår at tekniske krav til utforming kan tilfredsstillast. I dette tilfelle er det aktuelt å stille krav om frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere 45 meter til begge sider av køyrebana. Med bakgrunn i vegen sin kurvatur og helling er det er vanskeleg å vurdere om siktkravet kan oppfyllast utan å vere fysisk på staden og måle. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Andre krav vi stiller er at avkøyrsla skal ha eit fall frå fylkesvegen dei første fem meterane og at avkøyrsla skal vere godt synleg frå vegen.

Eit anna moment som skal vurderast til søknad om avkøyrsløve er om søknaden tek omsyn til forventa samfunnsutvikling. I dette tilfellet er eigedomen del av eit område som er avsett til spreidd bustadbygging med inntil tre einingar. Det vil vere ein fordel å sjå på løysingar som også kan nyttast av andre, dersom kommunen vurderer at det vert aktuelt å byggje ut fleire bustader her.

Vi tek atterhald om siktkrava kan oppfyllast, men ut i frå haldningsklasse, fartsgrense og forventa bruk av avkøyrsla meiner vi det kan påreknast eit avkøyrsløyve dersom det vert søkt om og ein elles kan oppfylle krav til utforming.

Byggjegrænse:

Byggjegrænse langs veg skal ta i vare trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen. Byggjegrænse gjeld for

alle tiltak, så som murar, utspregde og utgravne rom og andre større innretningar. Fast parkering innanfor byggjegrensa er søknadspliktig.

Byggjegrense langs fylkesveg 394 er 15 meter jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Den nye fritidsbustaden er planlagt utvida og plassert vesentleg nærare vegen enn den gamle. Med bakgrunn i det tilsendte materiale er det aktuelt å søkje om dispensasjon frå byggjegrense 9 meter frå vegmidte. Vi vil vise til at det no er større fokus ved ulempene med å bu og opphalde seg nærare vegen, og kan ikkje tilrå å etablere bustad eller fritidsbustad nærare enn 15 meter frå vegmidte. Det kan vere vanskeleg å ta vare framtidig behov vegutviding, samt ulemper for drift og vedlikehald med større konstruksjonar så nærare vegen. Arealet mellom tomta og fylkesvegen er bratt, og det kan mellom anna vere behov for å sikre arealet mellom vegen og fritidsbustaden med rekkverk.

Vi vil og minne om at det skal setjast av tilstrekkeleg areal på eigen tomt slik at unngår å ryggje ut på offentleg veg.

Konklusjon:

Etter ei samla vurdering av mellom anna haldningsklasse, fartsgrense og forventa bruk av avkøyrsla meiner vi det kan påreknast eit avkøyrsløyve dersom det vert søkt om og ein kan oppfylle krav til utforming. Vi tek særleg atterhald om siktkravet kan oppfyllast. Nye avkøyrslar bør ta omsyn til framtidig samfunnsutvikling og plasserast slik at dei eventuelt kan nyttast av fleire.

Vi rår i frå å oppføre fritidsbustad 9 meter frå vegmidte slik det er søkt om. Det er ikkje kome fram grunngjeving i søknaden som tilseier at det er naudsynt med ei slik plassering, og meiner at tiltaket kan endrast på slik at fritidsbustaden ikkje kjem i konflikt med byggjegrensa.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.